

# MOL310 - emnerapport 2012 vår

## Faglærers vurdering av gjennomføring

### Praktisk gjennomføring

Emnet hadde 14 førelesingar og fire kollokvium.

### Strykprosent og frafall

Kandidater	Totalt	K/M
Meldt:	20	14/6
Møtt:	19	13/6
Stryk%:	19	

Studiepoengproduksjon: 190

### Karakterfordeling

A: 16% B: 37% C: 32% D: 11% E: 5%

Snitt: C

### Studieinformasjon og dokumentasjon

Studieinformasjon vart lagt ut på Mi Side.

### Tilgang til relevant litteratur

## Faglærers vurdering av rammevilkårene

### Lokaler og undervisningsutstyr

### Andre forhold

## Faglærers kommentar til student-evaluering(e)

### Metode – gjennomføring

Elektronisk spørjeundersøking på Mi Side, 10 svar. Dette tilsvarer at 53 prosent av studentane som møtte til eksamen. Emneansvarleg sendte ut e-post om emneevalueringa i mai.

### Oppsummering av innspill

Majoriteten av studentane som svarte på spørjeundersøkinga følgjer masterprogrammet i Molekylærbiologi, medan 30 prosent av studentane var stipendiatar eller andre studentar.

Rundt 60 prosent studentane svarte at emnet stemte overeins med emneskildringa, medan 30 prosent meinte at den til ei viss grad stemte overeins. Dei fleste studentane meinte at arbeidsmengda stemte overeins med at emnet er 10 sp. Totalt 80 prosent av studentane svarte at det var svært god eller god kontakt med førelesar.

Studentane fordelte seg slik på spørsmålet om kva dei meinte om læreboka "Proteins: Structure and function":

- Veldig god: 20 %
- God: 40%
- OK: 20 %
- Dårleg: 10 %

Studentane kommenterte at boka ikkje er ei innføringsbok, men var god viss ein kan pensum frå før. Emneansvarleg kan gjerne informere om relevant pensum i Lehninger eller lage eit eige kurshefte i tillegg til læreboka. Det er få detaljar og døme i boka, og ein må derfor lese seg opp i andre bøker i tillegg.

Heile 80 prosent av studentane svarte at dei deltok på alle førelesingane, og dei fordelte seg tilnærma likt på spørsmålet om dei var budd til førelesingane: 20 prosent førebudde seg nesten kvar gong, 30 prosent førebudde seg nokon gongar og 30 prosent førebudde seg sjeldan. Studentane vart spurt om dei fekk meir ut av førelesingane når dei var førebudd, samanlikna med førelesingar der dei ikkje var førebudd. Dei fleste svarte at dei fekk meir ut av førelesingane når dei var førebudd. Totalt 90 prosent av studentane meinte at det var god eller ok struktur i førelesingane.

Studentane delte seg i to jamnstore grupper på spørsmålet om kva dei meinte om prosjektet i MOL310: Halvparten meinte det var nyttig, medan den andre halvparten meinte prosjektet var unyttig. Prosjektet var lite eksamensrelevant og gav lite læring om pensum. Prosjektet bør derfor bli fjerna.

Totalt 70 prosent av studentane svarte at emnet var svært bra eller bra å ta i kombinasjon med andre emne. Totalt 60 prosent av studentane meinte emnet var svært vanskeleg eller vanskeleg, medan 40 prosent av studentane meinte at emnet var ok.

40 prosent av studentane meinte at MOL310 var veldig bra, 20 prosent meinte emnet var bra, 20 prosent meinte emnet var ok og 20 prosent av studentane meinte det var dårleg. Emneansvarleg fekk skryt for å vere ein god førelesar. Studentane kommenterte vidare at det var ein nivåforskjell mellom førelesingane og pensum, og eksamen. Emnet tok for seg ein del basale kjemikunnskapar frå emne dei fleste studentane tok første året av bachelorgrada, og det bør bli inkludert ei oppfrisking av dette. Det bør vere fleire og betre kollokvium. Det er ønskjeleg med ein fasit eller liknande til kollokvieoppgåver og eksamensoppgåver.

**Ev. underveistiltak**

**Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak**